

F6: Vestland SV støttar vern av Sognefjorden

Framleggsstillar: Sogndal SV

Sognefjorden er verdas djupaste og lengste isfrie fjord. No er arbeidet i gang med å verne dette unike marine området.

Sognefjorden representerer eit av dei mest særeigne og mangfaldige undersjøiske naturområda vi har i landet. Sognefjorden er eit eineståande geologisk fenomen som verdas djupaste fjord. Frå fjordbotn og opp er det stadvis over to kilometer med fjellsider som reiser seg og som skapar eit særprega fjordmiljø. Det blir skapt særeigne fysiske vilkår og biologisk mangfald som følgje av den store djupna.

Sognefjorden er eitt av 36 område i landet som vart føreslege som kandidatar til marint vern i ein rapport heilt tilbake frå 2004. Kandidatområdet Sognefjorden er så stort at det utløyser behov for konsekvensutgreiing (KU). Regelverket om KU skal sikre ein open prosess, slik at alle partar og interessentar blir høyrte. Konsekvensutgreiinga vart levert i mai 2025.

Den geografiske avgrensinga av området strekk seg frå dei inste delane av Lustrafjorden og Årdalsfjorden i indre Sogn og ut mot Sognesjøen, og utgreiingsarealet er så langt 999 km². Verneforslaget skal i utgangspunktet bli avgrensa mot land ved to meters djupne ved middels låg vasstand eller til marebakken, der den kan påvisast.

Statsforvaltaren reknar med å kunne leggje fram eit verneframlegg til offentleg høyring i i nær framtid. Då vil det bli god tid for alle til å kunne seie si meining, og Vestland SV vil oppmode alle kommunar, akademia og lokale interessentar til å kome med synspunkt.

Vestland SV er positive til eit vern av Sognefjorden. Vernet må sikre at det biologiske mangfaldet i fjorden blir oppretthalde, til beste både for næringsliv/fiskeri og fritidsbruk. Vi vil følgje nøye med på det som kjem fram i høyringsrunden, og kva dei ulike interessentar meiner skal til for å få eit effektivt vern kombinert med nødvendig lokal utvikling og tilpassing.

Kjelde til faktaopplysningar: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-verneomrade/marint-vern/sognefjorden-kandidatomrade-for-marint-vern/>